

Levekårskomitèen går mot skulenedleggingar

24.11.2015



Leiar i levekårskomitèen, Stein Olav Ølvestein(SP)(t.h.), sekretær Solveig Hus Hansen og Erlingur Nielson(H).

Då den nye levekårskomitèen hadde sitt første møte i kveld, var saka om ny plan for skulane i Kvinnherad på saklista. På møtet gjekk dei med klart fleirtal inn for at det såkalla 0-alternativet skal vera gjeldande i det vidare arbeid med skulebruksplanen. Det er eit tydeleg signal for den vidare kommunale behandlinga av saka.

Rådmannen la fram innstilling om at det såkalla pedagogikk-alternativet skulle gjerast gjeldande, men Høgre og Senterpartiet la på møtet fram eit framlegg til innstilling om at ein skulle gå for 0-alternativet/bygdealternativet. I dette alternativet vert noverande skulestruktur gjeldande.

Høgre og Senterpartiet sitt framlegg fekk 6 røyster medan 3 røysta for rådmannen si innstilling. Dette er eit viktig signal når saka no går vidare til kommunestyret for endeleg vedtak. For Uskedal skule ville pedagogikk-alternativet betydd store endringar medan 0-alternativet/bygdealternativet sikrar at den består som i dag.

Tre alternative skulestrukturar

- **0-alternativet/bygdealternativet:** Den eksisterande skulestrukturen vert vidareført (17 skular). I alternativet legg ein vekt på skulen sin betydning for bygdene og at det er til barn sitt beste å sleppa skuleskyss.
- **Økonomialternativet:** 6 skular i varierande storleik. Store innsparingar i klassesetal, men auka skuleskyss.
- **Pedagogikkalternativet:** 9 skular og vidareføring av skuletilbod til dei yngste elevane på 1. – 4 trinnet i bygdene Varaldsøy (Trå) og Fjelberg (Brekke).

Dei 3 alternativa.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kristian O. Bringedal